



# **Delegeringsreglement for Vest-Telemarkrådet**

Vedtatt i Vest-Telemarktinget 5. desember 2017

# Innhold

Formål	3
Oppdateringar	3
Delegeringsreglement for Vest-Telemarkrådet	4
Organisering	4
Tinget	4
Rådet	4
Styret i rådet	4
Regionordførar	4
Arbeidsutvalet	5
Administrativ leing	5
Regionrådsleiar	5
Prinsippa for delegering	5
Økonomireglement	7
Definisjonar	7
Budsjett	7
Disposisjonsfond (ubundne fond)	7
Bundne fond	7
Budsjettjustering	7
Meirforbruk	7
Meirinntekter	7
Budsjettet	7
Vest-Telemarktinget	7
Regionrådsleiar	8
Prosjekt	8
Arbeidsprogram	8
Rapportering	8
Rekneskap og rapportering til politisk nivå	8
Årsrekneskap og årsrapport	9
Rapportering på vegne av andre kommunale selskap	9
Øvrig	10
Kompetanse	10
Internkontroll	10
Fullmakt og signering	10
Utviklingsamtaler med regionrådsleiar	10
Fastsetting av løn	10
Innkjøpsreglement	11
Generelle prinsipp ved innkjøp	11
Etiske retningsliner	12
Vedtekter	14

# Bakgrunn for delegeringsreglementet

Dokumentet omfattar både dei organisatoriske og økonomiske områda, samt dei gjeldande vedtekta for Vest-Telemarkrådet (VTR). Ein har som mål å samanstille dei styrande dokumenta, som omfattar:

- Delegeringsreglement
- Økonomireglement
- Innkjøpsreglement
- Etiske retningsliner

Arbeidsprogrammet til Vest-Telemarkrådet gjeld for to år, og vert ikkje lagt inn i dokumentet "Delegeringsreglement Vest-Telemarkrådet" på grunn av at denne normalt har kortare levetid enn delegeringsreglementet.

## Formål

Formålet med delegeringsreglementet er å sikre at VTR planlegg, rapporterar og fylgjer opp tilfredsstillande ut frå tronen til samspel mellom politisk og administrativ leiing. Det skal også bidra til at ein har nadusynt kunnskap i VTR si administrative og politiske leiing om budsjettering, rapportering og oppfylgjing av vedtekne budsjett.

Delegeringsreglementet skal bidra til ei effektiv og forsvarleg forvaltning i aktivitetane i VTR, god etisk standard og samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Vest-Telemarkrådet fylgjer kommunelova med tanke på budsjett og rekneskapsrutiner.

## Oppdateringer

Delegeringsreglementet til VTR er ein del av verksemda sitt internkontrollsysteem og skal være gjenstand for løpende oppdatering.

Vest-Telemarktinget skal handsame reglementet i sin heilskap minst ein gong per valperiode.

Styret i Vest-Telemarkrådet har ansvar for oppfylgjing og praktiseringa av reglane.

Regionrådsleiar har ansvar for at oppdaterte versjonar av reglementet er lett tilgjengelege gjennom eit elektronisk verktøy.

# Delegeringsreglement for Vest-Telemarkrådet

## Organisering

Vest-Telemarkrådet er regionalt samarbeidsorgan for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. Samarbeidet vart etablert i 1993, men er fyrst formalisert som §27-samarbeid i desember 2011. Samarbeidet har form som sjølvstendig rettssubjekt.

## Tinget

**Tinget**, som er det øvste organet, er samansett av fire representantar frå kvar kommune: Ordførar, varaordførar, eitt anna kommunestyremedlem og rådmannen. Det er oppnemnt personlege vararepresentantar.

Tinget har etter vedtektenes fylgjande ansvar:

- Godkjenning av arbeidsprogram og budsjett
- Godkjenning av årsmelding og rekneskap
- Fastsetjing av godtgjering
- Handsaming av vedtektsendringar
- Val mellom anna av regionordførar og regionvaraordførar annankvart år
- Andre saker etter vedtak i Rådet

## Rådet

**Rådet** er samansett av dei seks ordførarane i regionen med varaordførarane som personlege vararepresentantar. Ein av ordførarane vert formelt valt som regionordførar for 2 år i gongen, eit verv som går på omgang mellom desse.

Rådet har normalt 8 – 9 møte pr år, og rådmennene har møte- og talerett i rådsmøta.

Rådet er tillagt fylgjande ansvar:

- dagleg drift i samarbeid med administrativ leiing
- andre oppgåver etter vedtak

## Styret

Dei seks ordførarane møtes med visse mellomrom som styre for § 27-samarbeidet. Styret handsamar saker som gjeld drift og organisering, og gjev føringar for dagleg leiari, medrekna stillingsheimlar og økonomiske fullmakter. Styret har også ansvar for oppfylging og praktisering av delegeringsreglementet.

## Regionordførar

**Regionordførar** har fylgjande oppgåver:

- Leie møta i rådet og tinget
- Fylgje opp gjennomføringa av vedtak gjort i rådet og tinget
- Arbeidsgjevarfunksjonen i høve til rådsadministrasjonen

## Arbeidsutvalet

**Arbeidsutvalet** (AU) er samansett av regionordførar, regionvaraordførar, leiar av rådmannsutvalet samt regionrådsleiar. Arbeidsutvalet har som ansvar å drøfte aktuelle saker og fastsette sakliste til rådsmøta.

## Administrativ leiing

Dagleg leiar (regionrådsleiar) vert tilsett av rådet. Det er i møte 13. mars 2013 vedteke nærmere prosedyrer for arbeidet i Vest-Telemarkrådet, med organisasjonskart, saksgang og arbeidsoppgåver. Det vert også utarbeidd 2-årige arbeidsprogram med nærmere definerte mål og tiltak.

I samband med verksemda i rådet er det signalisert ynskje om å nedfelle eit delegeringsreglement i høve til regionrådsleiar, der mandat og ansvar er tydeleg klårlagt.

## Regionrådsleiar

**Regionrådsleiar** har som oppgåve å organisere rådsmøta og gjennomføre vedtak gjort i desse, medrekna:

- Arbeide aktivt i høve til politikarane i regionen
- Utarbeide uttaler frå regionen
- Drive med informasjonsarbeid, gjerne gjennom dialog med formannskapa og kommunestyra
- Samspele med rådmannsutvalet og delta i rådmannsmøta
- Ha rolle i høve til andre regionale samarbeidstiltak
- Stå som prosjektansvarleg for aktuelle prosjekt
- Tilsette moglege medarbeidarar og prosjektilsette etter heimlar gjeve av styret.  
(Arbeidsutvalet fastset løn for regionrådsleiar og andre tilsette i Vest-Telemarkrådet)
- Søkje å spele på lokal og regional kompetanse ved kjøp av tenester
- Stå for dagleg drift
- Utføre faste administrative oppgåver: sekretariatsarbeid, IKT-koordinering, søknader, regionale tiltak, bidrag til regional utvikling, skjønnsmiddelbruk, felles etablererteneste, informasjon og relasjonsbygging i samband med val, vertskap for næringskollegiet, deltaking i aktuelle politiske og administrative møte.

**Regionrådsleiar** skal vidare halde seg orientert og fylgje med på saker som vedkjem regionen innafor følgjande område:

- Infrastruktur/samferdsel: veg, bane, breiband...
- Skulestruktur/skuletilbod
- Næringslivets trøng for arbeidskraft
- Kultur
- Telemarkskanalen
- Annan statleg/fylkeskommunal aktivitet

## Prinsippa for delegering

Delegering inneber at nokon (x) med avgjerdssrett gjev ein annan (y) avgjerdssrett av same art som ein har sjølv. Ei delegering frå x til y inneber likevel ikkje at x misser sin eigen avgjerdssrett. Det formelle ansvaret kan ikkje delegerast. Y gjer vedtak på vegne av x og har ikkje det formelle ansvaret, men har ansvaret i høve til x.

For at ei delegering skal vera lovleg, må visse kriteria vera oppfylt:

- Det må ligge føre høve til å delegere avgjerdssretten.
- Delegeringa må gjevast til nokon som er kompetent til å ta imot slik avgjerdssrett.
- Delegeringsvedtaket må vera gyldig.

Delegert avgjerdssrett skal utøvast:

- I medhald av gjeldande lovar, forskrifter og i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som følgjer av lov, forskrift og god forvaltningsrett
- Lojalt og i samsvar med retningsliner gjeve av overordna organ/person
- Innafor dei plan- og budsjetttramme som er gjeve

Overordna organ kan:

- Når som helst trekke attende ei gjeven delegering
- Krevje å få lagt fram for seg ei sak som eit underordna organ har til handsaming i medhald av delegert avgjerdssrett
- Krevje å få overta handsaminga av, og fatte vedtak i, einskildsak som eit underordna organ har til handsaming i medhald av delegert avgjerdssrett

# Økonomireglement

## 1. Definisjonar

Det nyttast ulike begrep i økonomireglementet og nedanfor fylgjer definisjonar av desse:

### Budsjett

Hovudoversikt som syner VTR sine forventa inntekter, utgifter, bruk av avsetningar samt avsetningar i året.

### Dispositionsfond (ubundne fond)

Gjeld frie avsetningar i rekneskapet for bruk i seinare periodar. Kan være avsetningar knytt til prosjekt eller avsetningar til andre ynskte formål.

### Bundne fond

Avsetningar av øyremerka midlar i rekneskapen for bruk til dette føremålet i seinare periodar.

### Budsjetjustering

Omdisponering av midlar frå eit føremål til eit anna.

### Meirforbruk

Forbruk utover vedtatt driftsbudsjett og vedtatt ramme for prosjektet.

### Meirinntekter

Inntekter utover vedtatt driftsbudsjett og vedtatt ramme for investeringsprosjektet.

## 2. Budsjettet

### Vest-Telemarktinget

**2.1.** Vest-Telemarktinget skal innan årets utgang, vedta budsjettet for drift og aktivitet i regi av VTR for kommande år.

**2.2.** Endringar utover vedteke budsjett skal handsamast av Vest-Telemarktinget med dei unntak av fullmakter i punkt 2.4

**2.3.** Endringar innanfor budsjettet kan gjerast av regionrådsleiar og av det respektive styret i det aktuelle prosjekt eller styret i tråd med delegerte fullmakter så lenge det ikkje stirr mot mål, prioriteringar og føresetnadnar som ligg til grunn i Vest-Telemarktingets budsjettvedtak.

**2.4.** Rådet disponerer dispositionsfond, grunnfond og tilleggsbevilgningar. I saker knytt til bruk av desse, skal det alltid opplysast om saldo på budsjettposten etter at disponeringa er foretatt.

## **Regionrådsleiar**

**2.5.** Regionrådsleiar utarbeider samla budsjettforslag. Regionrådsleiar er ansvarleg for løpende kontroll av den økonomiske utviklinga, medrekna rapportering til styringsgrupper, Vest-Telemarkrådet og Vest-Telemarktinget.

**2.6.** Regionrådsleiar har høve til å gjere omdisponeringar innanfor dei vedtekne budsjetttrammene. Dette gjeld når det er innanfor vedtekne arbeidsprogram, og ellers ikkje strir mot mål, prioriteringar og føresetnad som ligg til grunn i Vest-Telemarktingets budsjettvedtak. Prioriteringane skal grunngjenvæst og leggast fram for Vest-Telemarktinget i sak om justert budsjett.

**2.7.** Regionrådsleiar har høve til å foreta tekniske justeringar innanfor budsjetttramma, og gjer dette dersom det er vedteke tiltak i rådet eller i prosjektgrupper som omfattar økonomisk disponering.

**2.8.** Regionrådsleiar kan foreta naudsynte budsjettjusteringar som fylgje av organisasjonsendringar, endringar av administrative rutiner, prosjekt m.m. Det er føresett at:

- Endringane ikkje er i konflikt med mål og prioriteringar i budsjett eller andre politiske vedtak
- Endringane ikkje er av vesentleg betydning

**2.9.** På bakgrunn av føringar frå styret i rådet, har Regionrådsleiar fullmakt til å tilsette og legge ned faste stillingar og engasjement i henhold til arbeidsmiljølova.

**2.10.** Alle budsjettendringar som er gjort i henhold til delegeringsfullmakta, skal meldast med grunngjiving til rekneskapskontoret og revisor.

## **Prosjekt**

**2.11.** Prosjektansvarleg (PA) i det enkelte prosjekt er ansvarleg for at ein gjennomfører arbeidet innanfor vedtekne budsjett, og at finansiering føreligg. Det er PA som kan stoppe/omdisponere midlar og må vurdere om dette er i tråd med mandat og vedteken prosjektplan og eventuelle føringar frå finansieringskjelder om ikkje anna er avtalt. Slike endringar skal meddelast styringsgruppa/prosjekeigerane, eventuelt takast opp til rådføring.

## **Arbeidsprogram**

**2.12.** Vest-Telemarktinget vedtek to-årig arbeidsprogram. Arbeidsprogrammet er førande for budsjettarbeidet og øvrig prioritering av aktivitet i regi av VTR, og er eit viktig verktøy for å styre aktiviteten og vurdere måloppnåing frå arbeidet.

## **3 Rapportering**

### **3.1 Rekneskap og rapportering til politisk nivå**

Det er utarbeidd fylgjande årshjul for økonomirutiner og rapportering i Vest-Telemarkrådet:

Dato	Aksjon	Forklaring
15. januar	Rapportering til Fylkesmannen	VTR administrasjonen har ansvar for å rapportere.
15. januar	Brønnøysundregisteret	Oppdatering
1. februar	Søke skjønnsmidlar	VTR administrasjonen har ansvar for å søke.

Dato	Aksjon	Forklaring
10. februar	Fristen for å søke moms kompensasjon	Revisor skal attestere og gå gjennom alle bokførte bilag før dette.
15. februar	Avlagt årsregnskap og årsberetning	Styret skal ha dette lagt fram, mellom 15. feb og 15. april
15. februar	Rapportering til KOSTRA	Sendast inn fra rekneskapssystemet.
31. mars	Årsberetning	Skal leverast til revisjon 31. mars.
1. april	Sikre overføring av Skjønnsmidler	Fylkesmannen overfører midlane til kommunen.
1. april	Sende krav til kommunane	Fylgjer avtale med i TUF
31. mars	Rapportering til TUF	Rapport i høve til avtalt ramme på drift i VTR.
15. mai	Rekneskapsgjennomgang	Samspel mellom VTR og rekneskapskontor.
15. september	Rekneskapsgjennomgang	Samspel mellom VTR og rekneskapskontor.
sept - oktober	Justering av budsjett	Justere budsjett på hausten.
oktober	Utbetaling av godgjersle	Påminning: til reg. ordførar / varaordførar.
10. november	Budsjett	Handsamast i Tinget sitt siste møte før jul.
15. november	Rekneskapsgjennomgang	Samspill mellom VTR og rekneskapskontor.

### 3.2. Årsrekneskap og årsrapport

VTR skal utarbeide årsrekneskap og årsrapport i tråd med kommunelovas §48. Tidsfrister går fram av årshjul for økonomirutiner (sjå punkt 3.1).

### 4 Rapportering på vegne av andre kommunale selskap

VTR kan, om det er ynskjeleg, rapportere i kommunestyra fra andre regionale selskap der kommunane er eigarar. Dette skal skje i samspel med leiar av det/dei aktuelle sekskap/selskapa, og settast i verk etter vedtak i rådet.

## **5 Øvrig**

### **5.1. Kompetanse**

Regionrådsleiar har ansvar for at medarbeidrarar har rett kompetanse i høve til lover, forskrifter, reglement, rutiner og datasystem, og nyttar vektøy og system for å løyse sine respektive oppgåver på ein forsvarleg og god måte.

Det skal gjevast opplæring til nye medarbeidrarar før dei får fullmakt og ansvar på økonomiområdet.

Det overodna ansvaret for VTR sin økonomi ligg på Vest-Telemarktinget.

### **5.2 Internkontroll**

Regionrådsleiar har ansvar for kvalitetskontrollsysteem som står opp om god kvalitet og kontroll, og som hindrar misleghetar og andre ikkje ynskte hendingar.

### **5.3 Fullmakt og signering**

Regionrådsleiar har fullmakt til å signere avtaler for VTR sine anskaffingar med attestasjon og anvisning, og kan delegera desse. Det er føresett at anskaffinga er i tråd med øvrige punkt i økonomireglementet.

### **5.4 Utviklingssamtaler med regionrådsleiar**

Arbeidsutvalet (AU) gjennomfører årlege utviklingssamtaler med regionrådsleiar.

### **5.5 Fastsetting av løn**

Arbeidsutvalet fastset løn for regionrådsleiar og andre tilsette i VTR.

# Innkjøpsreglement

Reglementet skal sikre at alle anskaffingar i VTR vert gjennomført i samsvar med lov og forskrift om offentlege anskaffingar (LOA).

Regionrådsleiar er ansvarleg for å gjennomføre alle anskaffingar innanfor vedtekne budsjett. I dette ligg det også ansvar for at anskaffinga vert gjennomført i henhold til dette reglementet. Regionrådsleiar skal sjå til at ein har eller knyter til seg innkjøpsfagleg kompetanse for gjennomføring av innkjøp.

Fullmakter og rett til å signere avtaler fylgjer punkt 5.3 i økonomireglementet.

## Generelle prinsipp ved innkjøp

**Konkurranse** - alle anskaffingar skal i utgangspunktet utsettast for konkurranse.

**Likebehandling** - alle skal handsamast likt – ingen skal forfordelast.

**Føreseielegheit** - prosessen må gjennomførast slik det er sagt at den skal gjennomførast.

**Openheit** - det må være åpenhet om alt som gjerast.

**Etterprøvbarheit** - heile prosessen må dokumenterast slik at ettertida kan sjå korleis den er gjennomført.

**Etikk** - alle anskaffingar skal gjennomførast i høve til VTR sine etiske retningsliner.

# **Etiske retningsliner**

Føremålet med VTR sine etiske retningsliner er å sikre ein god etisk praksis og definere felles standard for folkevalde og tilsette i VTR.

Dei etiske retninglinene har sitt utspring i allmenngyldige etiske verdiar og normer som til dømes rettferd, lojalitet, ærlegheit, pålitelegheit, sannferd og at ein skal te seg mot andre slik ein sjølv ynskjer å bli behandla.

## **Kommunane i regionen**

Som fellesorgan for seks kommunar, pliktar VTR og den einskilde tilsette å ta omsyn til kommunane sine interesser, tilstrebe likehandsaming og oppstre med respekt ovanfor alle som arbeider eller er knytt til kommunane.

## **Omdømme**

Den einskilde tilsette og folkevalde pliktar å utføre sine oppgåver og oppstre utad på ein etisk forsvarleg måte, og slik at det ikkje skader regionens omdømme. Som tilsett eller folkevald må ein være merksam på at ein også i private samanhenger kan bli oppfatta som representant for Vest-Telemarkregionen og VTR.

Ved bruk av sosiale medier skal tilsette og folkevalde vise respekt for sine medarbeidarar og arbeidsgjevar både i form og innhald på det som publiserast.

Tilsette og folkevalde skal så langt det er mogleg syte for at alle varer og tenester VTR nyttar er produsert på ein etisk måte.

## **Lojalitet**

Tilsette og folkevalde i VTR plikter å fylgje dei lover og regler som gjeld for rådet som interkommunalt selskap, samt å etterkome pålegg frå overordna.

Når ei avgjersle er teken iverksettast denne raskt og effektivt innanfor dei fastsette rammene, uansett kva dei aktuelle tilsette måtte ha av fagleg eller politisk oppfatning om avgjersla. Lojalitetsplikta medfører ikkje plikt til å fylgje pålegg om å gjere noko ulovleg eller uetisk.

Det er viktig at tilsette lar seg engasjere i ein åpen, fri og allsidig dialog om samfunnsspørsmål i tråd med Grunnlovas vedtekter om ytringsfridom. Samstundes har VTR ei forventning til sine tilsette og folkevalde om at dette skjer på ein verdig og konstruktiv måte, og at den einskilde reflekterer rundt dilemma som kan oppstå i høve til lojalitetsplikta.

## **Habilitet**

Tilsette og folkevalde skal unngå å kome i situasjonar som kan medføre konflikt mellom VTR sine interesser og personlege interesser. Dette kan også gjelde tilfelle som ikkje rammast av forvaltningslova sine vedtekter for habilitet.

## **Openheit og varsling**

Offentlegheit og open diskusjon er ein føresetnad for eit velfungerande demokrati. VTR sine tilsette og folkevalde skal alltid søke å gje korrekte og tilstrekkelege opplysningar til innbyggjarar, organisasjonar, selskap og andre myndigheter.

Det er ein samanheng mellom kravet til openheit, lojalitet og plikta til å rapportere om uheldige høve i verksemda. Dei tilsette i VTR har rett og plikt til å varsle om forhold han eller ho vert kjent med som kan påføre arbeidsgjevar, tilsette eller omgjevnadene tap eller skade. På den måten kan det iverksettast tiltak med sikt på å unngå eller begrense tapet eller skaden. Før varsling skjer, skal forholdet være forsøkt tatt opp internt. Det visast ellers til Arbeidsmiljølovas §§ 2-4 og 2-5.

## **Forretningsmessige reglar**

All forretningsverksemde skal bidra til å nå dei mål VTR har for si verksemde.

Tilsette som deltar i VTR si forretningsmessige verksemde pliktar å sette seg grundig inn i, og etterleve lov og forskrift om offentlege anskaffingar (LOA) og forøvrig delegeringsreglementet i sin heilskap.

### **Gåver og andre fordelar**

Tilsette og folkevalde i kommunen skal unngå personlege fordelar av ein art som kan påverke eller være egna til å påvirke handlingar, saksførebuingar eller vedtak. Dette gjeld likevel ikkje gåver av ubetydeleg verdi, så som reklamematriell, blomster o.l. Gåver omfattar ikkje berre materielle gjenstandar, men også andre fordelar til dømes i form av personlege rabattar med kjøp av varer og tenester.

Tilsette og folkevalde skal ikkje ta imot fritidsreiser betalt av verksemder, organisasjonar o.l. som dei har kontakt med på vegne av VTR.

Tilsette og folkevalde i VTR skal ikkje som del av sitt arbeid/tillitsverv, gje eller tilby gåver eller andre fordelar som er egna til eller som er meint å påverke mottakarens handling.

Representasjon hører med i eit samarbeidsforhold og informasjonsutveksling. Representasjon må ikkje være av ein slik art at den kan tenkjast å påverke beslutningsprosessen i VTR eller gje andre grunn til å tru det. Representasjon må være i samråd med overordna.

Reiseutgifter i fagleg samanheng skal dekkast av VTR.

# Vedtekter

## VEDTEKTER FOR VEST-TELEMARKRÅDET

### Kapittel 1: Formål, medlemskap og vedtekter

#### § 1 Geografisk omfang

Vest-Telemarkrådet er eit regionalt organ der kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje er med. Regionrådet er oppretta med heimel i kommunelova § 27.

#### § 2 Formål

Vest-Telemarkrådet skal vere eit samarbeidsorgan for dei deltagande kommunane på alle område og alle plan, og skal vere eit organ for løysing av felles spørsmål og oppgåver for dei same kommunane.

#### § 3 Styringsorgan

Vest-Telemarkrådet har to styringsorgan. Det eine er Tinget, som er nærmare omhandla i kapittel 2. Det andre er Rådet, som er omhandla i kapittel 3.

#### § 4 Medlemskap, utmelding, oppløysing

Kommunestyret i den einskilde kommune gjer vedtak om deltaking i Vest-Telemarkrådet og godtar med det vedtekten for dette.

Viss ein kommune ynskjer å gå ut av Rådet, må kommunestyret gjere vedtak om dette. Ein kommune har rett til å seie opp sitt medlemskap med eitt års varsel.

Rådet skal oppløysast når kommunestyra i eit fleirtal av medlemskommunane har gjort vedtak om dette. Regionrådet skal då avviklast. Når avviklinga er ferdig skal attståande midlar betalast attende til kommunane i same forhold som det er gjort innbetaling.

#### § 5 Endring av vedtekten

Medlemskommunar og medlemer av Vest-Telemarkrådet kan kome med framlegg til endring av vedtekten. Slike framlegg må sendast Rådet, som sender framlegget med si førebels innstilling til medlemskommunane til uttale. Framlegget med endelig innstilling frå Rådet skal leggast fram for Tinget. Vedtak i Tinget om vedtektsendringar krev 2/3 fleirtal.

Framlegg til vedtektsendringar skal handsamast av Tinget så snart det er praktisk mogleg, men på grunn av sakshandsaming ikkje tidlegare enn 3 månader etter dato for framlegging.

Vest-Telemarkrådet kan la ein kommune velje mellom å godkjenne føreslege vedtektsendring eller å gå ut av regionrådet utan vanleg oppsæringstid.

#### § 6 Arbeidsoppgåver

Rådet skal for kvart år utarbeide forslag til arbeidsprogram for komande år, og legge denne fram for Tinget saman med budsjett for same periode. Dette arbeidsprogrammet kan også innehalde saker og tiltak som krev arbeid over fleire år.

Rådet skal freiste å ivareta ein god dialog med næringslivet i regionen.

Tinget vedtek arbeidsprogram, og denne skal vere retningsgjevande for Rådet sitt arbeid. Rådet har likevel rett til å endre prioriteringane når spesielle tilhøve gjer dette nødvendig eller ynskjeleg.

## Kapittel 2: Tinget

### § 7 Samansetjing av Tinget

Ordførar, varaordførar, 1 anna kommunestyremedlem og rådmann i dei deltagande kommunane utgjer medlemene av Tinget. Det blir oppnemnt personlege vararepresentantar.

Valperioden for Tinget fylgjer kommunevalperioden.

Regionordførar er også leiar for Tinget.

### § 8 Verksemda i Tinget

Tinget kjem saman minst to gonger i året. Fyrste møte skal normalt haldast i juni. Tinget kjem saman når eit fleirtal i Rådet fastset det, eller når Regionordførar eller minst to av medlemskommunane krev det. Innkallinga til tingmøtet skal vere skriftleg og skal sendast med minst 14 dagars varsel og skal innehalde oppgåve over dei sakene som skal handsamast.

Tinget gjer sine vedtak i møte leia av Regionordførar eller av Regionvaraordførar når ordføraren har forfall. Viss ingen av desse er med i møtet, vel Tinget ein møteleiar for møtet.

Vedtak i Tinget blir gjort med vanleg fleirtal og er gyldig når minst 50% av medlemene/varamedlemene møter og har røysta i den aktuelle saka. Ved likt stemmetal gjer møteleiaren si røyst utslaget.

### § 9 Tingets ansvar

1. Godkjenning av arbeidsprogram og budsjett
2. Godkjenning av årsmelding og rekneskap
3. Fastsetting av godtgjering og liknande
4. Handsame forslag til vedtektsendringar
5. Val
6. Handsame andre saker etter vedtak i Rådet

## Kapitel 3: Rådet

### § 10 Rådet

Ordførarane i dei deltagande kommunane utgjer Rådet, med varaordførarane som personlege vararepresentantar. Rådet skal stå for den daglege drifta i samarbeid med sekretariatet, og i samsvar med vedtekne arbeidsoppgåver.

Leiar og nestleiar i Rådet blir vald av Tinget for 2 år av gongen. Tittelen for desse tillitsvalde er Regionordførar for Vest-Telemark og Regionvaraordførar for Vest-Telemark.

Rådmennene har møte- og talerett i Rådet.

Rådet kan oppnemne underutval eller liknande til å arbeide med fullmakt fra Rådet.

## **§ 11 Om avstemning og vetorett**

Kvar medlem av Rådet har vetorett med omsyn til om ei sak skal handsamast i Rådet. Viss vetoretten blir nytta, skal saka trekkast frå vidare handsaming. Det skal tungtvegande grunnar til for å nytte vetoretten, og bruken skal grunngjenvæst i kvart tilfelle.

Vedtak i saker som Rådet handsamar blir gjort med vanleg fleirtal. Ved likt stemmetal gjer møteleiaren røyst utslaget.

## **§ 12 Verksemda i Rådet**

Regionordføraren er ansvarleg for at verksemda i Vest-Telemarkrådet føregår i samsvar med vedtekten og god forvaltingsskikk. Regionordføraren skal sjå til at det kvart år blir utarbeidd årsmelding med rekneskap for verksemda i regionrådet. Denne skal sendast dei same som får tilsendt møteprotokoll.

# **Kapitel 4 Administrasjon, økonomi**

## **§ 13 Sekretariat/administrasjon**

Rådet har høve til å engasjere/tilsette sekretær/dagleg leiar og anna naudsynt hjelp innafor vedteken arbeidsplan og budsjett, eller å kjøpe sekretariatstenester.

## **§ 14 Budsjett, finansiering**

Tinget vedtek etter forslag frå Rådet kvart år eige budsjett.

Vest-Telemarkrådet får årlege tilskott frå Telemark Utviklingsfond. Resten av utgiftene til drift av sekretariatet og utgiftene til Rådets og Tingets møteverksemde dekkast av dei seks kommunane. 50% av utgiftene fordelast likt mellom kommunane og 50% fordelast etter folketalet.

Deltakarkommunane skal ikkje gjere innskott i Vest-Telemarkrådet i samband med at Rådet blir organisera etter kommunelovas § 27. Vest-Telemarkrådet har ikkje høve til å ta opp lån utan særskild godkjenning av deltakarkommunane.

## **§ 15 Rekneskap og forvaltning**

Rådet er ansvarleg for rekneskapsføringa og forvaltninga av midlane til regionrådet.

## **§ 16 Godtgjering og kostnadsdekking for tillitsvalde**

Tinget skal i samband med budsjetthandsaming fastsetje godtgjering til Regionordførar, Regionvaraordførar og rådsmedlemer.

Reiseutgifter i samband med møta i Tinget og Rådet dekkast av den einskilde kommune.

## **§ 17 Informasjonsarbeid**

Sakliste og møtereferat til rådsmøte og møte i Tinget skal sendast alle faste medlemer og varamedlemer til dei styrande organa. Det same materialet skal sendast gruppeleiarane for dei politiske partia i medlemskommunane.

Styrande organ og administrasjon skal syte for eit aktivt informasjonsarbeid til publikum om arbeidet i regionrådet. Offentleggjering av saker og vedtak fylgjer same lovregulering som gjeld for kommunane.

Dokumenta til Vest-Telemarkrådet skal oppbevarast forsvarleg og i samsvar med reglane i arkivlova.